

Årsmelding for Kviteseid Misjonsmenighet 2010

Styret for året 2010 har vore:

Styreleiar: Olav Holm

Nestleiar: Sigrid Lofstad

Sekretær: Knut Ove Lofstad

Styremedlem: Kristin B Moore (Sekretær i hausthalvåret)

Styremedlem: Morten Bech

1. Vara: Sverre Solvang

2. Vara: Ove Lofstad

Sverre Solvang har møtt fast i styret i haust, sidan Knut Ove Lofstad ba seg fritatt i haust på grunn av flytting. Kristin B Moore har vore sekretær i same periode

Revisor: Aslaug Tormodsvik

Valkomite: Mari Songe og Anlaug Solvang

Styret har hatt 10 styremøte sidan siste årsmøte, og arrangert 2 menighetsmøter.

I 2010 har det som tidlegare år vore høg aktivitet i menigheten. Kvar onsdag gjennom året har det vore bønemøte, og desse møta trur me framleis er svært viktige for menigheten sjølv om dei ikkje samlar så mange.

På sundagar hadde me i vårhalvåret 8 sundagstreff, eit bønemøte, 2 nattverdmøter og to «vanlege» møter i tillegg påskefrukost og vårvslutning. Eit av møta i mai fekk vi besøk av vår menighet sin menighetsrådgjevar Egil Torp. Han bidrog med mykje positivt både i møtet og i det påfølgjande menighetsmøtet. Ein sundag var vi på besøk til Bø normisjon sitt sundagsmøte for heile familien, og fekk ei omvising i dei nypussa lokala etterpå. Ein sundag i juni hadde vi releasekonsert med «alle fem» i gymsalen på Kvitsund, eit flott arrangement sjølv om draumen om godt oppmøte frå familiiane i bygda ikkje slo til i det fine veret.

I april fekk vi med vemod og takksemdu fylgje Marie Elise Tveit si båre til grava. Marie har fylgd menigheten heilt sidan starten, og menigheten skylder Marie ein stor takk for hennar lange og trufaste teneste for Gud og for menneske.

I hausthalvåret hadde me 7 sundagstreff, eit nattverdmøte, to bønemøter og eit bøn- og lovsangsmøte i tillegg til jolefest.

Ei helg i oktober hadde vi ei kort menighetshelg på Nisser hytter og camping på Fjone, i lag med speidaren. Det naturskjonne døgnet gav utbytte for små og store, og dei vaksne merka nok at ungane var i fleirtal (24 born og 17 vaksne). På kvelden blei menigheten 70-års-jubileum markert med kake, og på sundagen blei misjonsforbundets dag markert med besøk av Jon Ultvedt. Neste gong satsar vi på større deltaking frå dei i menigheten som har vaksne born.

Sjølv om menigheten ikkje har eigen forstandar, er vi rikeleg velsigna med talerbesøk. Dette året har Halvard Jørgensen, Daniel Garrat, Terje Watne, Jan Danielsen, John David Wickstøl, Egil Torp, Sven Øverland, Ingulf Diesen, Marit Garrat, Jack Garrat, Rolf Inge Johansen, Jon Ultvedt, Asbjørn Johansen, Jerome Lund og Eilif Tveit vitja menigheten. I tillegg kjem alle dei både med og utan

medlemskap i menigheten som bidreg med andakter og andre oppgåver. Vi er svært takksame for, og heilt avhengige av, all denne friviljuge innsatsen. Ei oppteljing i november syntet at det er 37 personar som er engasjerte i faste oppgåver i menigheten!

Menigheten valte å støtte prosjektet Jakobs Hus i Colombia også dette året, og det har i tillegg til eit fast månedlig beløp gjennom året blitt tatt opp fleire kollektar til formålet. Menigheten støtter og NmU med eit fast beløp.

Når det gjeld nye lokale for menigheten har dette året på mange vis vore eit vente- og pauseår. Arbeidet med nytt parkeringsplass og nytt uteområde blei vedtatt oktober 2009, men kjem av praktiske årsaker ikkje igang før utover våren 2011. Innsamling av midlar til dette arbeidet fekk ei god start, og vi nådde ikking halvparten av innsamlingsmålet på 150 000 i løpet av våren 2010, men i siste del av året har innsamlinga stansa opp. I menighetsmøte i vår blei det klart at menigheten ikkje er klar for samarbeid med misjonshuset om lokale til sundagstreff, og ideen om fast leige av misjonshuset eller Sundvang er også skrinlagt.

I haust starta vi med husfellesskap ein søndag i månaden i staden for sundagsmøte. Det melde seg 13 interesserte til dette. Deltagarane opplever det svært godt å delta på denne gruppa, som går på tvers av kjønn og generasjonar i menigheten.

I haust inngikk menigheten eit samarbeid med Kviteseid pinsemenighet om fredagssamlingar for ungdom frå 7. klasse. Styret i menigheten har og hatt eit møte med eldsterådet i pinsemenigheten med bøn og samtale omkring felles mål og felles utfordringar. Vi er takksame for at det på denne måten opnar seg nye dører og mogelegheitar for arbeid i Guds rike.

Speidaren har hatt eit aktivt og godt år, medan det har vore lågare aktivitet i Passpåklubben. Vi gler oss stort over alt arbeidet som gjerast i desse gruppene, både av menigheten eigne og av andre friviljuge, men saknar fleire leiatar både plassar.

I november blei det vedtatt å danne eit diakoniråd med ansvar for diakonale oppgåver i menigheten. Ved oppstarten består rådet av Sigrid Lofstad, Anlaug Solvang og Gunhild Berntsen. Dei vil mellom anna arbeide med sjelesorg, forbøn og besøk og oppmerksamheter til dei eldre i menigheten. Vi ønsker Guds rike velsigning over tenesten deira!

Vi ber om at Gud må fortsette å velsigne menigheten sitt arbeid rikt i 2011, og vi ber om vidare visdom i val av kva for aktivitetar vi bør satse på og kva vi bør leggje ned.

Vårt ønske og vår bøn er at alt arbeidet ut frå Kviteseid misjonsmenighet må vere med og leie små og store til tru på Jesus.

Olav Holm
Styreleiar